



Saksbehandlar: Øystein Hunvik, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 15/12750-17

## **Val av styremedlem i Interoperabilitetstenester**

**...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkeskommunane sin representant i styret for Interoperabilitetstenester blir attvald.

**...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

## **SAKSFRAMSTILLING**

Som eigar i Interoperabilitetstenester (IO) har fylkeskommunen fått innkalling til generalforsamling der det mellom anna skal gjennomførast val.

*Føremålet til selskapet: Utvikle og drive system som samlar inn, omarbeider og vidaresender data som nyttast i elektroniske støttesystem innan kollektivtransporten, her elektronisk billettering, informasjonssystem, datafangst, -omarbeiding og -distribusjon ol., samt tilhøyrande tenester og verksemd som står i samanheng med dette. Produkta og tenestene skal for det vesentlige selgast til statlege og/eller fylkeskommunale aktørar, eller selskap direkte eller indirekte eigd av staten eller éin eller fleire fylkeskommunar.*

*Fylkeskommunen gjekk inn som eigar i 2014 og eig 1 % av selskapet.*

I fylgje delegeringsreglementet er det hovudutval for samferdsle som skal ta avgjerd om styresamansettning i mellom anna IO. Fylkesdirektøren syner elles til Eigarmelding 2015, punkt 2.5, om utpeiking av styrerepresentantar.

Styret i IO har 5 medlemmer der 3 av desse vert peika ut av Ruter og NSB. Dei siste 2 styremedlemmane vert nominert av fylkeskommunane som er medeigarar i IO.

Sogn og Fjordane fylkeskommune kan i lag med dei andre fylkeskommunane påverke valet på den eine av dei tre styremedlemmane som er på val i år – Toril Karlsnes Viken frå Møre og Romsdal

IO er inne i ein prosess med etablering av sentral eining for innsamling, handsaming og distribusjon av data for reiseplanlegging og billettering. Det er ein del uklare forhold til korleis eigarforholdet skal vere framover. Med bakgrunn i dette vurderer styret at det best at det vert attval på dei tre styremedlemmane som er på val, samt at det er nødvendig å førebu ei ekstraordinær generealforsamling når avklaringar er på plass.

### **Konklusjon**

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar attval av sitjande styre.

Vedlegg:

Innkalling til generalforsamling – Interoperabilitetstjenester  
... **Sett inn saksutredningen over denne linja ↑**